Rogaland fylkeskommune

**Seksjon for kulturarv**

**Karmøy kommune**
Pb. 167

4291 Kopervik

Dykkar ref.:
**22/11080**
Dato: **23.01.2023**
Saksnr.: **2023/8173**
Dok.nr.: **5**
Saksbehandlar:
Angunn Skeiseid

## Karmøy kommune - gnr 112 bnr 1 - Skrevegen 107 - tiltak i sjø - graving og legging av spillvannsleidning -

Fylkesdirektøren viser til søknad om graving og legging av spillvannsledning samt vann-/overvannsleidningar på gnr 112/1 i Karmøy kommune. Området er frå før regulert og tiltaket vil ikkje medføre endring i dagen situasjon og er elles i tråd med gjeldande reguleringsplan.

Fylkesdirektøren, ved seksjon for kulturarv, har vurdert søknaden som sektormyndigheit innanfor kulturminnevern og som vegeigar av Fv 4800.

**Kulturminne**
Ut frå vurderingar av kart og flyfoto og søk i kulturminnedatabasar, kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil komme i konflikt med automatisk freda kulturminne. Dette er kulturminne som er freda i medhald av Kulturminnelovens § 4. Området er regulert og eventuelle konflikter med/konsekvensar for kulturminne skal ha blitt avklart i reguleringsplanprosessen.

Vi har på den bakgrunn ingen merknader til søknaden.

**Uttale frå Samferdsel:**
Det kjem ikkje klart fram i situasjonsplanen om graving vil berøre fylkesveg 4800.
Dersom det skal gravast innan 3 meter frå fylkesvegen si kantlinje må det søkast om graveløyve til Rogaland fylkeskommune, med arbeidsvarslingsplan til Statens vegvesen."

Helsing
Leif Håvard L. Vikshåland
fagleiar

Angunn Skeiseid
rådgjevar (kulturminne)

Ingrid Tau Strand Oanes
rådgjevar (forvaltning, samferdsel)

Rogaland fylkeskommune

Kopi til:
STATSFORVALTAREN I ROGALAND

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk. Ver vennleg å oppgje vårt saksnr når du svarar på brevet.*